





## KTV-notat nr. 40/2005 - Bakgrunn for vedtak

|                |                                              |                                                                                           |
|----------------|----------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|
| Søker/sak:     | Brunstad Kraft/Bygging av Brunstad kraftverk |                                                                                           |
| Fylke/kommune: | Møre og Romsdal/Sykkylven                    |                                                                                           |
| Ansvarlig:     | Rune Flatby                                  | Sign.:  |
| Saksbehandler: | Erik Roland                                  | Sign.:  |
| Dato:          | 28.06.2005                                   |                                                                                           |
| Vår ref.:      | NVE 200500387-18 ktv/ero                     |                                                                                           |
| Sendes til:    | Søker, alle som har sendt høringsuttalelse   |                                                                                           |

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org. nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

## Søknad om konsesjon for bygging av Brunstad kraftverk, Vallasæterelva og Brunstadelva, Fetvassdraget, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal

### Innhold

|                                                   |    |
|---------------------------------------------------|----|
| Konklusjon .....                                  | 1  |
| Søknaden .....                                    | 2  |
| Kunngjøring og høringsuttalelser .....            | 15 |
| Sykkylven kommune .....                           | 15 |
| Møre og Romsdal fylke .....                       | 15 |
| Istad Nett AS .....                               | 16 |
| Staten vegvesen, Region midt .....                | 16 |
| Fagrådet for fisk i Sykkylven kommune .....       | 16 |
| Naturvernforbundet i Møre og Romsdal .....        | 17 |
| Sigbjørn Brunstad .....                           | 18 |
| Brunstad Krafts kommentarer til uttalelsene ..... | 19 |
| NVEs merknader .....                              | 22 |
| NVEs vurdering og konklusjon .....                | 25 |

### Konklusjon

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene og nytten med tiltaket overstiger skaden for allmenne og private interesser som blir berørt slik at kravet i vannressursloven § 25 er tilfredsstillt. Vi gir derfor Brunstad Kraft tillatelse etter § 8 i vannressursloven til å bygge kraftverk i Vallasæterelva og Brunstadelva på de vilkår som følger vedlagt.

## Søknaden

NVE har mottatt søknad fra Brunstad Kraft v/Kraftverksnemnda, datert 28.01.2005, om tillatelse til å bygge Brunstad kraftverk. Fra søknaden refererer vi følgende:

*"Grunneigarane på Brunstad ønskjer å nytte vassfallet i Vallaseterelva og Brunstadelva i Sykkylven kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker med dette om følgjande løyve:*

**1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:**

- å bygge konstruksjon for vassinntak i Vallaseterelva, kote 300
- legging av nedgravd tilløpsrør frå inntakskonstruksjonen til kraftstasjon
- å bygge Brunstad kraftstasjon med installert effekt 2,5 MW
- å føre avløp frå kraftstasjonen til Brunstadelva kote 120

**2. Etter energilova, på vegne av Sykkylven Energi AS, om løyve til:**

- bygging og drift av Brunstad kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden. (Utfyllande opplysningar om det elektriske anlegget blir ettersendt.)

**3. Etter forureiningslova om løyve til:**

- gjennomføring av tiltaket

*Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Vi ber om ei snarleg behandling av søknaden."*

Fra utredningen refereres følgende:

### ***"1. Innleiing***

#### **1.1. Om søkjaren**

*Tiltakshavar er eigarane av jordsameiget med tilhøyrande vassdrag på gnr. 32, Brunstad i Sykkylven.*

*Prosjektet sin arbeidstittel er Brunstad Kraft. Grunneigarane vil etablere eit selskap med avgrensa ansvar som vil bygge ut og drive kraftverket.*

*Grunneigarane er i utgreiings- og søknadsfasen representert ved eit utval av grunneigarar, Kraftverknemnda. Grunneigarfellesskapet rår over alle aktuelle vassrettar i dei aktuelle elvane, Vallaseterelva og Brunstadelva.*

*Dei fleste av grunneigarane som er søkjarar har yrke utanom jordbruket, dvs. anten ved sida av, eller heilt utanom gardsdrifta.*

#### **1.2. Grunngeving for tiltaket**

*Brunstad ligg i Øvre Velledalen i midtre fjordstrøk på Sunnmøre og bygdelaget kan reknast for ein utkant av kommunen Sykkylven. Ei rekkje tidlegare industriarbeidsplassar har dei siste 20-30 åra blitt nedlagde her som følgje av større og meir sentrale einingar. Saman med desse sentraliseringstrendane har dette ført til ei svakare folketalsutvikling i dalen med auke i netto utflytting. Når fleire i takt med tida og tilhøva gir opp det tradisjonelle jordbruket som leveveg, kan ein ved generasjonsskifte oppleve at endå fleire flytter ut med det til følgje ut*

busetjingsgrunnlaget blir ytterlegare svekka. Grunneigarane på Brunstad vurderer utnytting av rettane til vatnet som ei ønskjeleg næringsutvikling i tilknytning til jordvegen og tradisjonell gardsdrift. Målsettinga er at dei økonomiske tilhøva på bruka kan bli styrka utan tyngjande risiko. Gjennom framtidsretta utnytting av dei felles gode som ligg i desse fornybare ressursane på bruka vil det bli auka interesse for å satse og bu her. Dette vil føre struktur og lokal busetjing vidare, med stell av kulturlandskap og ivaretaking av andre interesser for samfunnet.

Dei mindre kraftverka vil bidra til å heve den nasjonale sjølvforsyningsgraden av elektrisk kraft som er rein energi. Det er utfordrande og inspirerande for private eigarar å vere med i ein slik større samanheng.

### 1.3. Geografisk plassering av tiltaket

Kraftverket skal plasserast på garden Brunstad som ligg ca. 15 km syddover langs RV 60 frå kommunesenteret Aure i Sykkylven kommune, Møre og Romsdal. Til sentrum i nabokommunen Stranda er det langs RV 60 ca. 20 km. Dei aktuelle elvane på Brunstad, Vallasæterelva og Brunstadelva, tilhøyrrer Fetvassdraget som har sitt utløp i Sykkylvsfjorden ved Straumgjerde, ca. 7 km frå Brunstad nordover i retning Aure.

Oversiktskart 1 : 50 000 over Sykkylven og situasjonskart 1:6 000 følgjer som vedlegg til søknaden, vedlegg nr. 1 og 2.

### 1.4. Situasjonen i dag og eksisterande inngrep

#### 1.4.1. Lokalisering

Den planlagde staden for vassinntaket ligg i Vallasæterelva, ca. 250 m nedafor stølen på Vallasætra. Inntaket vert liggjande i Brunstad si felles setermark ved staden der Skreelva (hovudelva på austsida i Vallasæterdalen) renn i hop med den mindre Setreelva som kjem ned på vestsida av stølen. Plasseringa er vurdert som den optimale, ut frå fleire ulike omsyn.

Ved Morkja, som ligg ca. 900 m nedafor inntaket, renn Vallasæterelva ut i Brunstadelva som kjem frå Brunstadsetra og områda innafor. Kraftstasjon med turbinar vil ligge ca. 700 m lenger nede i Brunstadelva, på felles grunn ovafor Storebrua. Inntak, røyrgate og turbinar vil bli lokalisert til den øvre delen av elvane.

#### 1.4.2. Utlagde jordskiftevegar og seinare opparbeiding av vegar

På austsida av Brunstadelva og i varierende avstand frå denne går vegen over Nygjerdet til Brunstadsætra. I jordskiftet slutta 1956 er den nemnd som veg nr. 5, 3 m brei. Jamnleg vedlikehald opp gjennom åra har gjort at breidda varierer, men enkelte stader når den opp til brukbar standard som traktorveg.

Veg nr. 6 går frå Storebrua og oppover langs austsida av Brunstadelva og like inntil denne. Førre gong går denne vegen til Morkja. Den 14. august 2003 inntraff det flaum som tok Morkjabrua og gjorde skade på vegen. Denne vil sannsynlegvis bli opprusta i samband med oppattbygging av ny bru. Vallasætervegen er i jordskiftet beskriven som veg nr. 7 som går frå Storebrua og "til grensa mot setermarka". I 1982 vart vegen av grunneigarane rusta opp til god traktorveg og samstundes forlenga til grensa mot Vallasætra der det vart bygd snuplass.

Ca. 300 m ovafor Storebrua vart Akslegjerdevegen i 1980 bygd som enkel traktorveg av 8 grunneigarar, som sideveg til Vallasætervegen og oppover mot syd i Akslegjerda.

Tidleg på 1980-talet vart det òg opparbeidd traktorvegar for skogsdrift i Morkja.

Det har såleis etter måten vore betydelege aktivitetar i området over lengre tid. Alle inngrep har skjedd i forståing med styresmaktene for landbruk og skogbruk.

#### 1.4.4. Nydyrkingsfelt

Nokre år etter opprustinga av Vallasætervegen dyrka bnr. 21 opp nedre del av sin teig mot elva i Akslegjerda. Også i området Høgebrauta på vegen mot Brunstadsetra har bnr. 2 dyrka.

#### 1.4.5. Vassforsyning frå elva

Øvre Velledalen Vasslag L/L forsyner etter ein grunneigaravtale frå 1966 litt meir enn 100 abonnentar i Velledalen med vatn frå Brunstadelva. På grunn av skadane på inntaket under august-flaumen i 2003 vart inntaket mot slutten av same året flytta ca. 350 meter oppstraums til ein mindre utsett stad, Gjerdeøyna, på bnr. 1 litt nedanfor Morkja. Inntakskummane vart no gravne ned ved sida av sjølve elvelaupet. Tiltaket var nødvendig for å sikre god vassforsyning.

I Fylkesmannen si vurdering av 10.07.2001 når det gjeld kraftverktiltak i forhold til Samla plan for vassdraga vert det konkludert slik: "Omsøkte prosjekt vil ikke berøre Velledalen vassverk". Denne situasjonen er ikkje endra etter flytting av vasslaget sitt vassinntak.

#### 1.4.6. Urørte strekningar i nærområdet

I kraftverkområdet er det utført ei rekkje jordbrukstilknytte tiltak som er nemnde ovafor. I tillegg kjem periodevis maskinell avverking av bar- og lauvskog.

Kjem ein lengre oppover og forbi setrane vil der i setremarka både i Brunstaddalen og Vallasæterdalen framleis ligge større urøyvde område. Desse områda er nytta til storfe- og småfebeite og er nytta av turgåarar som går vidare frå Vallasætra der Ålesund og Sunnmøre turistforening har ei turisthytte utan betening. Nedslagsområdet for småkraftverket som det no vert søkt om grensar opp mot fjellområda mellom Hjørundfjorden og Sunnlyvsfjorden nord for Norangsfjorden. I frilufissamheng har området stor verdi. Område som kan karakteriserast som inngrepsfri natur vil likevel ikkje bli redusert av utbygginga. Røyrsgata vil bli skjult ved nedgraving i eksisterande traktorveg eller nærast mogeleg denne.

## **2. Opplysningar om tiltaket**

### 2.1. Hovuddata

#### **Kraftverket**

|                                      |       |
|--------------------------------------|-------|
| Nedbørfelt (km <sup>2</sup> )        | 9,9   |
| Middelvannføring (m <sup>3</sup> /s) | 1,238 |
| Alminneleg lavvassføring (l/s)       | 147   |
|                                      |       |
| Inntak på kote                       | 300   |
| Avløp på kote                        | 120   |
| Brutto fallhøgde (m)                 | 180   |
| Slukeevne, maks. (m <sup>3</sup> /s) | 1,75  |
| Slukeevne, min. (m <sup>3</sup> /s)  | 0,15  |

|                                                   |          |
|---------------------------------------------------|----------|
| <i>Tilløpsrør, diameter (m.m.)</i>                | 800-1000 |
| <i>Tilløpsrør, lengde (m)</i>                     | 1.600    |
| <i>Installert effekt, maks. (KW)</i>              | 2.500    |
| <i>Bruktid (t/år)</i>                             | 8200     |
|                                                   |          |
| <i>Magasinivolum (mill. m<sup>3</sup>)</i>        | 0        |
| <i>HRV</i>                                        |          |
| <i>LRV</i>                                        |          |
|                                                   |          |
| <i>Produksjon, vinter (GWh) (01.10. – 30.04.)</i> | 5,1      |
| <i>Produksjon, sommer (GWh) (01.05. – 30.09.)</i> | 6,5      |
| <i>Produksjon, årleg middel (GWh)</i>             | 11,6     |
|                                                   |          |
| <i>Utbyggingskostnad (mill. kr.)</i>              | 15,0     |
| <i>Utbyggingspris (kr./kWh)</i>                   | 1,30     |

### **Elektriske anlegg**

|                      |                  |                             |
|----------------------|------------------|-----------------------------|
| <i>Generator</i>     | <i>Yting MVA</i> | <i>Spenning kV</i>          |
|                      | 2,5              | 3,3                         |
| <i>Transformator</i> | <i>Yting MVA</i> | <i>Spenning kV</i>          |
|                      | 2,5              | 3,3                         |
| <i>Kraftlinjer</i>   | <i>Lengde</i>    | <i>Nominell spenning kV</i> |
|                      | 600 m            | 22                          |

## **2.2. Teknisk plan for det alternativ som er søkt om**

### **2.2.1. Hydrologi og tilsig**

Vallasæterelva har tilsig frå høgtliggande nedbørsfelt med ca. 5 % breareal. Dette medfører ei viss magasinering av avrenninga. Innafor Brekka i Vallasæterdalen ligg eit vatn, Gullmorvatnet, som også bidreg til naturleg utjamning av vassføringa.

Kraftverket får eit nedslagsfelt på 9,9 km<sup>2</sup> og normaltilsiget for perioden 1961 – 1990 er berekna til 1,24 m<sup>3</sup>/s som gir eit midlure årsavløp på 39,1 mill. m<sup>3</sup>.

Alminneleg lågvassføring er berekna til 147 l/s.

Midlare restvassføring oppstrøms kraftstasjon er berekna til 0,25 m<sup>3</sup>/s.

Hydrologiske grunnlagsdata er henta frå NVE sin målestasjon ved vassmerke 97.1 Fetvatn, nedskalert m.h.t. feltareal og spesifikt normalavløp med ein faktor på 0,155.

Ved inntaket har nedbørsfeltet ei middelaavrenning på  $125 \text{ l/s/km}^2$ , noko som gir  $1.238 \text{ l/s}$ . Maksimal årsavrenning er rekna til  $150 \text{ l/s/km}^2$ , noko som gir  $1.490 \text{ l/s}$ .

Dei hydrologiske berekningane for nedbørsfeltet er utarbeidde av NVE, Hydrologisk avdeling, jfr. vedlegg nr. 3 som m.a. inneheld skalert varighetskurve. Berekningane er baserte på NVEs hydrologiske database Hydra II og kartdatabase Kartulf. Dei omfattar feltgrenser og feltareal ved inntaket, normalavløp og skalert vassføring i eit vått, middels og tørt år.

På grunnlag av desse data er det utarbeidd 4 grafiske framstillingar. Tre av dei syner vassføring før og etter utbygging i eit vått, middels og tørt nedbørsår, samt forbrukt vatn av eit kraftverk med omsøkt kapasitet. Den fjerde framstillinga syner berekna vassføring i Vallasæterelva ved inntaket, gitt som middelvassføring pr. sekund for kvart år sidan 1947.

Sidan vassdraget har eigen målestasjon (vannmerke 97.1 Fetvatn), har dei hydrologiske data basis både i berekna og faktisk målte verdiar.

### 2.2.2. Reguleringar og overføringar

Det er ikkje planlagt reguleringar eller overføringar. Gullmorvatnet vil virke som eit magasin ved at det seinkar avrenninga frå nedslagsfeltet. Same funksjonen har dei myrlendte areala lenger ute i Vallasæterdalen. Elles vil smelting av brevatn til aktuelle årstider auke stabiliteten i vassføringa.

Fordi kraftverket ikkje vil få nemneverdig kunstig magasin vert vassføringa i elva oppstraums inntaket og vassføringa nedafør kraftverkturbinane uendra.

### 2.2.3. Inntak

På kote 300 blir det laga ein betongterskel med natursteinforblending tvers over elveløpet som her har fjellfundament. Muren vil få største høgde 5 m og største lengde ca. 25 m. Terskelen vil bli utstyrt med tappelupe for utspyling av lausmassar som elva fører med seg. Ei langsgåande demning ovanfor terskelen vil fungere som skilje mellom elv og inntaksdam og sørge for at overflødig flaumvatn renn forbi inntaksdammen på utsida.

Inntaksbassenget får eit areal på ca.  $900 \text{ m}^2$ . Det vil også tene som sedimenteringsbasseng for lausmassar som elva fører med seg. Anlegget for vassinntak vil ikkje vere synleg frå Vallasætervegen.

Sjølve inntaket vil bestå av ein mindre betongkonstruksjon med varegrind, innløpskonus, trykksensor og stengeventil.

Tilløpsrøyrret vil få montert lufteøyr for fjerning av uønska luft som vatnet tar med seg.

### 2.2.4. Røyrgate

Denne vil bli ca. 1 600 meter lang. Røyrkata vil bli graven ned i vegbana for eksisterande Vallasæterveg på vestsida av Vallasæter-/Brunstadelva og ned til kraftstasjonen. Det er tenkt brukt røyr i duktilt støypejern,  $\varnothing 800$ , som vert lagde i lukka grøft. Over om lag dei 80 øvste høgdemetrane vil tilløpsrøyrret vere av PE-plast,  $\varnothing 1000$ . For å unngå for stor kurvatur og samstundes få røyra tilnærma 100 % nedgravne, særleg i nedste del av traseen, vil røyra kanskje måtte leggjast utanom vegen enkelte stader. Ei planlagd linje for traseen er innteikna på vedlagde kart, jfr. vedlegg nr. 2 og 10. Dei næraste røyra inn til kraftstasjonen vert støytte inn i 10 m lengde.

### 2.2.5. Tunnel

Ikkje aktuelt

### 2.2.6. Kraftstasjonen

Bygget for kraftstasjon vil bli oppført i bindingsverk i tre med bordkledning som ytterkledning. Taktekke blir torv og elles vil det bli valt ein byggestil som høver til lokal eldre tradisjon. Målet er at bygget skal gå mest mogeleg i eitt med terrenget omkring. Bygningen vil bli plassert på felles grunn, ca. 50 meter ovafor Storebrua på vestsida av Brunstadelva. I jordskiftet slutta 1956 er tomte på 23,5 x 25 m utlagd "til bruk for oppsitjarane, m.a. til sommarfføstomt". Kraftstasjonen vil verte liggjande på kote 120.

Fotomontasje av fasade som viser ytre utforming og plassering i terrenget følgjer vedlagt, vedlegg nr. 4.

Opplysningar om tekniske tilhøve:

Kraftstasjonen vil nytte Peltonturbin og ha ein synkron-generator med merkeyting på 2.5 MVA. Det vil bli installert ein transformator med yting 2,5 MVA i stasjonen og omsetning 3,3kV. I stasjonen vil det bli montert ein stasjonstrafo som transformerer frå generatorspenning til 230 V for internbruk i stasjonen, samt nødvendig måleutstyr.

Høgspenningsanlegget er føresett å skulle plasserast i stasjonen som ein integrert del av huset.

Høgspenntilknytninga vil også sørge for nødvendig tilførselsstraum

### 2.2.7. Vegbygging

Kraftstasjonen vil ligge inntil eksisterande veg like ved elva. Det vil verte behov for å opparbeide ca. 150 meter veg frå Vallasætervegen over felles grunn som tilkomst ned til staden for vassinntaket.

### 2.2.8. Kraftliner

Kraftoverføringa frå kraftstasjonen vil skje gjennom ca. 600 meter høgspenst jordkabel og fram til områdekonsesjonæren Sykkylven Energi AS si høgspenline, nominell spenning 22 kV, tverrsnitt 50 mm<sup>2</sup> AL. Tilknytningspunktet vil bli i Sykkylven Energi AS sin trafo, jfr. vedlagde kart som viser eksisterande og planlagde kraftliner og tilknytningspunkt, vedlegg nr. 2. Det elektriske høgspentanlegget skal drivast av Sykkylven Energi AS etter nærare avtale.

### Kraftleidning m.v. oppover utbyggingsstrekningen

I grøftetraseen for tilløpsleidninga til kraftverket vert samtidig lagt eit inntil 110 mm trekkerør med ein skjerma signalkabel for overføring av trykksensorsignal. Elektrisk straum ved inntak kan bli skaffa frå aggregat. Ved behov vil trekkerøret bli nytta for legging av straumkabel frå kraftstasjonen og fram til inntaket.

### 2.2.9. Massetak og deponi

Prosjektet vil ikkje medføre behov for deponi utover behov for parsellvis tildekking av røyrgate.

### 2.2.10. Køyremønster og drift av kraftverket

Det er ikkje planar om effektkøyning.

### 2.3. Kostnadsoverslag

| <i>Brunstad Kraft</i>                              | <i>mill. NOK</i>     |
|----------------------------------------------------|----------------------|
| <b>2.3.1. Reguleringsanlegg</b>                    |                      |
| <i>Overføringsanlegg</i>                           |                      |
| <i>Inntaksdam, inntaksutstyr</i>                   | 0,750                |
| <i>Røyrgate</i>                                    | 4,300                |
| <i>Kraftstasjon. Bygg</i>                          | 0,600                |
| <i>Kraftstasjon. Maskin/elektro</i>                | 6,850                |
| <i>Transportanlegg. Kraftlinje. Trafo</i>          | 0,720                |
| <i>Bustader, verkstader, adm.bygg, lager, etc.</i> | 0,050                |
| <i>Tersklar, landskapspleie</i>                    | 0,400                |
| <i>Uforutsett, diverse</i>                         | 0,800                |
|                                                    |                      |
| <i>Planlegging. Administrasjon</i>                 | 0,230                |
| <i>Erstatningar, tiltak, erverv, etc.</i>          | 0,100                |
| <i>Finansieringsutgifter og avrunding</i>          | 0,200                |
| <b>2.3.1. Sum utbyggingskostnader</b>              | <b><u>15,000</u></b> |

*Kostnader i 2005-kroner.*

### 2.4. Framdriftsplan

*Byggetid er rekna til 12 månader. Prosjektet vert rekna for lite omstridt eller konfliktfritt og skulle vere enkelt å realisere utan større vanskar for anleggsarbeida.*

### 2.5. Fordelar ved tiltaket

*Fordelen for grunneigarinteressene er ressursutnytting av rettar som ligg til eigedomane, men som til no har vore ubrukte.*

*Busetjingsmessige plussfaktorar gjennom betra økonomisk avkastning av bruka må og reknast til klare plussfaktorar.*

*Tiltaket vil generere sysselsetting av arbeidskraft og framtidige skatteinntekter for samfunnet.*

*Sjølv utan magasinering må det vidare leggjast vekt på flaumdemping som verknad. Ved at vassføringa frå Vallasæterelva blir redusert, så vil flaumfaren i ein bratt del av Brunstadelva minke.*

## 2.6. Arealbruk, eigartilhøve og offentlege planar

### 2.6.1. Arealbruk

|                             | <i>Midlertidig<br/>arealbehov<br/>(da)</i> | <i>Permanent<br/>arealbehov<br/>(da)</i> |                             |
|-----------------------------|--------------------------------------------|------------------------------------------|-----------------------------|
| <i>Inntaksområde</i>        | 3                                          | 2                                        | <i>Utmark / sætermark</i>   |
| <i>Tilløpsrør / rørgate</i> | 32                                         | 0                                        | <i>Heimeutmark/sæterm.</i>  |
| <i>Kraftstasjonsområde</i>  | 2                                          | 0,7                                      | <i>Felles tomteareal</i>    |
| <i>Kabeltrase til 22 kV</i> | 2                                          | 0                                        | <i>Dyrka jord, vegareal</i> |

### 2.6.2. Eigedomshold

Eigartilhøva i det aktuelle vassdraget vert dokumentert ved utmarksjordskifte slutta 1923 for garden Brunstad og jordskifte av innmark m.m. slutta 1956. Av denne jordskiftedokumentasjonen går det fram at fallrettane i dei aktuelle elvane ikkje er utskifta, men ligg i sameige mellom bruka. Fordelinga følgjer jordskiftelova § 27, jfr. sameigelova § 2, andre ledd.

|                                                     |                                                          |                                                                                        |                                                                                             |
|-----------------------------------------------------|----------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------|
| <i>Oddbjørn Brunstad</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 1</i>   | <i>Sigbjørn Brunstad</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 2</i>        | <i>Tor Arne Rausand</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 3</i>                                       | <i>Kjetil Kvammen</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 4</i>                                              |
| <i>Per Norvid Brunstad</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 5</i> | <i>Knut Idar Brunstad</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 6</i>       | <i>Karl Eilert Nakkeberg</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 7 mfl.</i>                             | <i>Åsmund Berges</i><br><i>etterlatte</i><br><i>v/Astrid Berge</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 8</i> |
| <i>Sissel Brunstad</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 9</i>     | <i>Leonarda Brudevoll</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 11 Gnr.</i> | <i>Jon P. Brunstad</i><br><i>32 bnr. 12 mfl.</i>                                       | <i>Asgeir Nybø</i><br><i>Gnr. 23 bnr. 13</i>                                                |
| <i>Egil Brunstad</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 15</i>      | <i>Jon C. Brunstad</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 29</i>         | <i>Jenny Brunstads etterlatte</i><br><i>v/Kjetil Kvammen</i><br><i>Gnr. 32 bnr. 33</i> |                                                                                             |

Berre grunneigarar har fallrettar og ingen andre har avgrensa rettar i området som kan kome i berøring med prosjektet.

### 2.6.3. Samla plan for vassdrag

Den 10.07.2001 traff NVE etter søknad om unntak frå Samla plan for vassdrag slikt vedtak:

"Samlet plan for vassdrag er en løpende prosess, og skal indikere hvilke prosjekter som først kan konsesjonsbehandles. Den ble sist presentert for Stortinget i St.meld. nr. 60 (1991-92). For prosjekter som representerer ubetydelige inngrep og konflikter, og prosjekter der en vurdering av konflikter i forhold til allmenne interesser sannsynliggjør at de ville bli plassert i kategori I, er det åpnet for at disse kan innvilges unntak fra Samlet plan, slik at de kan konsesjonsbehandles.

På vegne av Direktoratet for naturforvaltning innvilges det unntak fra Samlet plan etter rutine 2 av NVE i samråd med Fylkesmannen i Møre og Romsdal for utbygging av Vellesæterelva."

Det aktuelle vedtaket (Ref.: NVE 2001103321-4) følgjer vedlagt, vedlegg nr. 7.

#### 2.6.4. Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar

I samband med prosessen for supplering av Verneplan for vassdrag, vart det i februar 2003 avklara at det ikkje er aktuelt å verne vassdraget. Det er såleis ingen verneplanar for området.

Kraftverket vil ligge i eit område som i arealdelen av Kommunedelplanen (jfr. plan- og bygningsloven § 20-4) er angitt som Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Det er søkt Sykkylven kommune om at det til arealdelen vert gitt utfyllande reglar om lokalisering av spreidd ervervsbebyggelse som ikkje er knytt til stadbunden næring.

#### 2.7. Alternative utbyggingsløysingar

Det eksisterar ikkje slike.

### **3. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn**

#### 3.1. Hydrologi

Vassføringa i Vallaseterelva varierer normalt mellom 147 l/s og 1.490 l/s som h.h.vis alminneleg lavvannføring og vannføring ved maksimal avrenning. I anleggsfasen vil ikkje vatnet bli nemneverdig påverka. Dei installasjonane som skal gjerast på inntaksstaden vil ikkje i nemnande grad grumse til eller på annan måte ureine vatnet i elva. Når kraftverket kjem i drift, vil elvestrekninga nedstraums inntaksdammen til bytet med Brunstadelva bli tilnærma turrlagd i periodar med svak avrenning.

Kurver som viser vannføringa i Vallaseterelva før og etter utbygginga i eit vått (1971), tørt (1963) og middels nedbørsår (1998) følgjer vedlagt, vedlegg nr. 5.1. – 5.3.

#### 3.2. Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Utbyggingsprosjektet vil ikkje føre til merkbare endringar is- og temperaturtilhøve i vatnet. Utslepp av prosessvatn ved kraftstasjonen vil ikkje gjere nemneverdige utslag på vasstemperaturen i elva nedafor Storebrua. Av vassmengda nedstraums utløpet vil 60% eller meir kome frå Brunstaddalen slik som før utbygging.

Tiltaket vil difor ikkje medføre nemnande konsekvensar.

#### 3.3. Grunnvatn, flaum og erosjon

Korkje i anleggs- eller driftsfasen av prosjektet vil grunnvatnet i området kunne bli påverka.

At Brunstadelva er flaumelv vart stadfesta ved flaumen 14.08.2003 då elveløpet vart påført berydeleg skade. Den elles så stabile elvebotnen slo seg ned fleire stader. På enkelte strekningar vart elvebotnen nedseinka meir enn 1 meter som følge av flaumen. Dette har gjort elvesidene meir ustabile. Etter ein plan med totalkostnader vel kr. 400.000.- har NVE i oktober – desember 2004 utbedra elveløpet nedafor Storebrua. Uttak av vatn til kraftverk vil avlaste flaumtoppar og redusere flaumfåren for ca. 700 m av Brunstadelva ovafor Storebrua.

Ca. 150 m ny veg fram til inntaket vil medføre ein del mindre skjeringar og fyllingar i terrenget. Mindre erosjon kan ventast i nye skråningar før desse gror til og blir stabile. Grunntilhøva er likevel slik at denne ulempa blir liten. Utløp ved kraftstasjonen vil verte innretta slik at erosjon skal unngåast.

Tiltaket vil ikkje medføre auka risiko for sedimenttransport og tilslamming av vassdraget.

### **3.4. Biologisk mangfald og verneinteresser**

På bakgrunn av at kommunen sin BM-rapport ikkje dekkjer ferskvasslokalitetar, utalte Møre og Romsdal fylke i 2004 at det var behov for supplerande feltundersøkingar og sakkunnig vurdering.

Rapport av 25.09.2004 frå Albicilla Natur- og Miljøfag, om miljøfagleg registrering – biologisk mangfald, konkluderer slik:

"Det er gjennomført ein registreringstur til det aktuelle utbyggingsområdet for det planlagde Brunstad Kraft Sus hausten 2004, for meir systematisk kartlegging av planteartar og -samfunn langs Brunstadelva og Vallasæterelva.

Elvesonene langs den aktuelle strekningen har gjennomgåande nokså ordiære plantesamfunn. Av naturleg vegetasjon gjeld dette stort sett lauvskogsamfunn, på sine stader der det er elveholmar, sletter og sidelaup er det frodigare flaummarksprek og rikare undervegetasjon, men utan eksklusive innslag av planteartar. Fleire plantefelt, dominert av gran, ligg dels i elvesona og på+ nokre av holmane, men dei største i liene på begge sider av dalen. Det er markert innslag av frøspreidd gran. Langs Brunstadelva er det bygt skogsveg, kraftig opprusta nyleg, og fleire stader langs elvelaupet er det eldre eller nyare flaumførebyggingar. Området har såleis pres av lang tids kulturpåverknad, med innmarksareal og tidlegare inngjerda beite enkelte stader lags elva, og med plantefelt av barskog, dominert av gran. Ein del av desse plantefelta er meir enn 50 år gamle, dei eldste truleg betydeleg eldre, og har gjeve grunnlag for frøspreiing også utafor ordinære plantefelt. I øvre del av inngrepssona er det på sine stader opnare området med innslag av myrlende og meir fjellbjørkeskogspreg.

Av dyr og fugl kan det nemnast at fossefall har hatt årviss hekkplass i lang tid og er framleis å finne på den tradisjonelle reirplassen. Kongeørn har tradisjonell hekkplass i nærområdet. Det same gjeld fjellvåk. Ut over dette er det ikkje kjent at elva eller elvesona merker seg ut som spesielt viktig for dyr eller fugl. Hovudvassdraget (Fetvassdraget) er rekna som eit godt fiskevassdrag, men etter dei opplysningane som ligg føre, synest ikkje Brunstadelva med sideelvar å vere nokon viktig del av vassdraget i denne samanheng.

Konklusjonen blir at det aktuelle ingrepsområdet gjennomgåande er svært ordinært med tanke på biologisk mangfald og skil seg ikkje ut frå det som er vanleg langs vassdrag av same storleik og med tilsvarende topografi over alt i distriktet elles. Det er ikkje rimeleg å tru at ei eventuell utbygging vil få markerte, negative verknader for raudlisteartar eller biologisk mangfald. Ut frå dette synest det heller ikkje å vere behov for å stille spesielle vilkår ut over dei generelle ved ei kraftverksutbygging som skissert i Vallasæterelva."

Om dette viser vi til fylket sitt brev av 25.06.2004 og til vedlagde rapport, vedlegg nr. 8 og 9.

### **3.5. Fisk og ferskvassbiologi**

Tidlegare undersøkingar viser at elvebotnen er næringsfattig på grunn av temperaturtilhøva og ikkje aktuell som gytestad for fisk. Det oppstår såleis ingen nemnande konsekvensar for fisk og ferskvassbiologi korkje i anlegg- eller driftsfasen av tiltaket.

### **3.6. Flora og fauna**

Ein del vegetasjon vil måtte fjernast og bli skadelidande under anleggsfasen. Desse skadene vil ikkje bli permanente. Planteskog som må avvirkast vil bli forynga ved nyplanting og elles vil naturen sjølv lækje dei midlertidige skadene ved gjengroing.

MR-BF-rapporten har følgjande samandrag:

"Det er i september 2004 gjennomført ein tur til planområdet for Brunstad Kraft for å kartlegge og vurdere biologisk mangfald. Dette er supplert med tilgjengeleg kunnskap frå tidlegare, først og fremst registrering av enkelte hekkande fugleartar.

Vegetasjonsmessig på området klassifiserast som trivielt, med ein artsvariasjon av planter som ikkje er spesielt stor og der det ikkje vart påvist spesielt kravfulle, sjeldne eller raudlista artar. På dei beste stadene vart det rett nok funne innslag av meir næringskrevjande eller varmekrevjande planteartar, men dette stort sett som einskildindivid og utan at det var utvikla kravfulle plantesamfunn som kunne indikere meir interessante eller verdifulle element. Også det som vart påvist av slike innslag, er planteartar som er nokså vanleg å finne på litt rikare jordsmonn over alt i distriktet.

Den berørte elvestrekninga er prega av sterkt utspylte elvelaup, tydelegvis med periodevis sterkt flaumpåvirka elvar, og er opplyst å ha svært låg sommartemperatur. Inntaket i Vallasæterelva vil etter opplysningane berøre om lag 40 % av vassføringa til nedre deler av Brunstadelva. Elvebotnen og dels elvebreiddene er sterkt prega av massetransport, tydelegvis også flytting av grov masse og stein. Detet medfører at det er så godt som ikkje vegetasjon i sjølve elveløpet, heller ikkje av mose. Rørtraseen er planlagt dels gjennom torvdekke, myraktige område, dels gjennom bjørkedominert skog. Langs nedste del av traseen er rørleidningen tenkt lagt i øvre vegggrøfta av ein skogs-/sæterveg, og sjølv om det her er litt meir lausmasse og noko rikare jordsmonn, vil traseen gå langs område der det allereie på førehand er store, fysiske inngrep. Langs rørtraseen er det knapt påvist planteartar eller –samfunn om merker seg ut frå det ordinære i regionen.

Ut frå dette må konklusjonen verte at områda i og langs Brunstadelva/Vallasæterelva på strekninga mellom vassinntak og kraftstasjonen ikkje merker seg ut i høve til distriktet elles med tanke på biologisk mangfald. Dette gjeld dessutan område som i utgangspunktet er sterkt prega av menneskelege inngrep, både terrenginngrep og kulturpåverka vegetasjon. Etter det materialet som ligg føre, er det ikkje påvist raudlista artar og heller ikkje planteartar eller –samfunn som er spesielt viktige eller verdifulle i biologisk mangfaldsamanheng. Det er påvist raudlista fugleartar i nærområdet, men det er lite grunn til å tru at dei planlagde utbyggingane vil føre til negative effekter for desse ut over det menneskelege inngrep og aktivitet i områda står for i dag. Ei strekning på om lag 900 m av Vallasæterelva vil periodevis kunne bli tørrlagd eller nær tørrlagd, men det er ikkje påvist spesielle artar eller samfunn langs denne strekningen. Det synest såleis ikkje å vere grunnlag for å stille spesielle vilkår, t.d. til minstevassføring, ut over dei generelle omsyna til terreng- og naturinngrep som bør stillast ved all utbygging av denne type."

### 3.7. Landskap

Det skal ikkje finne stad endringar i terrengformasjonar. Enkelte stader kan det likevel bli fyllingar og skjeringar som følgje av behovet for liten kurvatur på røyrgata. Nødvendige inngrep skal imidlertid straks stillast til att så langt råd er.

### 3.8. Kulturminner

Det er ikkje freda kulturminne i det aktuelle område. Likevel kan røyrgata somme stader kome i konflikt med den gamle Vallasætervegen som var i bruk fram til ca. 1980 og går mellom eksisterande skogsveg / Vallasæterveg og elva. På Kolbeinstølteigane må ein ta omsyn til murrestane etter den såkalla Klungerstova og også elles kan det tenkjast at steingurdar og eldre minneverdige restar kan bli berørt. Søkjarane har interesse i å bevare desse attverande objekta og vil ta omsyn så langt det er mogeleg.

### **3.9. Landbruk**

*I anleggsfasen vil anleggstrafikk og støy i beitesesongen forringe beiteareala. Siktemålet er at tiltaket i driftsfasen skal gå i økonomisk balanse etter ei viss tid og deretter tilføre verdifulle økonomiske bidrag til bruka ved sida av inntekter frå tradisjonell landbruksverksemd.*

### **3.10. Vannkvalitet, vannforsynings- og resipientinteresser**

*Jfr. det som ovanfor er sagt om tilhøvet til Øvre Velledalen Vasslag L/L si drikkevasskjelde i Brunstadelva. Vasskvaliteten vil ikkje bli forringa. Vallasæterelva er ikkje resipient for naturgjødsel frå dyrka jord.*

### **3.11. Brukarinteresser**

*Ferdsl med tyngre køyrety og arbeid i anleggsfasen vil gå ut over jakt og redusere opplevingane for friluftslivet. Når anlegget står ferdig, vil tiltaket imidlertid ikkje ha nokon negative konsekvensar for jakt, fiske og friluftslivet i området.*

*Fiskeinteressene er beskriven i driftsplanen for Fetvassdraget elveeigarlag. Det framkjem der at den delen av Vallasæterelva som blir berørt av utbygginga ikkje er aktuell som fiskeelv.*

*Fiskeretten i Fetvassdraget, inklusive Fetvatnet, blei i jordskiftesak nr. 3/77 slutta 05.06.1981, delt mellom i alt 133 eigedomar under 12 gardar, gnr. 23 – 34 i Sykkylven. Av i alt 98 stenger fekk gnr. 32, Brunstad, rett til å nytte 10 stenger på garden og 1 stang som kan nyttast av grunneigarlaget. Fetvassdraget er eit relativt nytt namn som skriv seg frå skipinga av elveeigarlaget i 1956. Jordskifteretten påla alle rettshavarar medlemskap i dette grunneigarlaget.*

*I 1999 utarbeidde grunneigarlaget for fisket ein driftsplan. I Brunstadelva, som i svært lang tid ikkje har hatt laksestamme, har det vore lite fisk å hauste, ein situasjon som i driftsplanen blir beskriven som "sannsynlegvis permanent". Brunstadelva vert omtala som "konstant kald grunna brevatnet". Mindre beiting og gjenvaksne utslåttar fører til stor tilvekst av lauvskog som hindrar at nedbøren finn vegen til elva. På grunn av den låge temperaturen (5 til 8 °C) er elvebotnen fattig på næring. Planen for Brunstadelva er årleg utsetjing av eit mindre antal yngel innafor dei bratte leirbakkane som går ned til elva i Brunstaddalen. Tiltak for Vallasæterelva er ikkje nemnde.*

### **3.12. Samiske interesser**

*Der eksisterar ikkje slike interesser i området.*

### **3.13. Samfunnsmessige verknader**

*Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og anna lokal aktivitet. Det offentlege vil motta skatteinntekter i storleik kr. 1 mill. etter nokre år. Tiltaket vil gi ein mindre sysselsettingseffekt i byggetida og inntil 0,5 årsverk i driftsfasen.*

*Jfr. elles den langsiktige økonomiske og busetnadsmessige betydning som tiltaket vert forventa å få. I anleggsfasen vil tiltaket bety sysselsetting for entreprenørar. I driftsfasen blir det venteleg behov for berre få arbeidstimar, utan fast tilsette.*

*Ulempene ved tiltaket er vurdert som små.*

### **3.14. Konsekvensar av elektriske anlegg**

Høgspenteleidningen frå generatoren og til områdekonsesjonæren si høgspenteleine vil bli lagt i jordkabel. Det oppstår då ikkje påviselege negative verknader av leidningen.

### **3.15. Konsekvensar av alternative utbyggingsløyningar**

Der eksisterar ingen alternative utbyggingsløyningar som kan erstatte kraftverk med inntak i Vallasæterelva slik som omsøkt. Kraftverk i Brunstadelva ville gi tilstrekkeleg med vatn, men bli dyrare å bygge ut p.g.a. lågare fall og lengre røyrgate. Dessutan er elva i langt større grad ei flaumelv der variasjonane i vassmengdene er større og flaumfaren erfaringsmessig langt hyppigare.

## **4. Tiltak som kan avbøte eller redusere ulemper**

### **4.1. Fysiske inngrep**

Det blir lagt vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at ein tar vare på vegetasjon og unngår skjemmande sår i terrenget. Vegetasjonsdekket i rørtraseen elles vert tatt vare på og reetablert for raskt å oppnå naturleg utsjånad. Eksisterande veganlegg blir så langt mogeleg nytta ved bygging av inntak, tilløpsrør og kraftstasjon.

Inntaket vil få beskjeden storleik med lave konstruksjonar som ikkje er synlege for dei som ferdast langs vegen til Vallasetra. Tilløpsrøret vil verte nedgravd og vil ikkje vere synleg. Kraftstasjonsbygningen vert tilpassa lokal tradisjonell byggeskikk og utført med torvtak og bordkledning utvendig.

I anleggsfasen ser ein, ved sida av ovannemnde, lite som kan gjerast for å avdempe naturlege ulemper av sjølve arbeida, bortsett frå at prosjektet vil bli fullført over ein effektiv og kortast mogeleg byggeperiode. Val av årstid for utbygginga kan også ha ei viss betydning. Dei tyngre anleggsarbeida bør om mogeleg leggjast utanom beite- og vekstsesongen.

### **4.2. Minstevassføring**

Mogelege ulemper etter oppstart av kraftverket kan følgje av periodevis tørrlegging av ein aktuell parsell i Vallasæterelva.

Redusert drift av kraftverket i dei tørraste periodane vil kunne hindre tørrlegging. På den andre sida vil slepping av minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring (147 U/s) medføre eit produksjonstap på ca. 1,0 GWh pr. år og tilsvarende reduksjon av verdien av prosjektet.

Behovet for slepping av minstevassføring i den aktuelle parsellen av Vallasæterelva synest dessutan å vere minimalt, fordi denne elvestrekninga har liten betydning for landskapet, (lite synleg), det er ingen fiskeinteresser av betydning og minstevassføring vil ikkje ha vesentleg betydning for det biologiske mangfaldet.

## **5. Referansar og grunnlagsdata**

- Hydrologiske data til bruk for planlegging av kraftverk i Vellesæterelva, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal, dato: 20.12.2004, NVE's ref.: 200404225-2 hv/shu
- Fetvassdraget elveeigarlag, Driftsplan 1999
- Jordskifte over Brunstad innmark, slutta 1956

- Standard disposisjon for konsesjonssøknad for småkraftverk, NVE 25.10.2004, NVE 2003/00857-6
- Vedtak om unntak frå Samla plan for vassdrag, NVE 200103321-4 emr/shs
- Veileder nr. 1/2004, Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1-10 MW), NVE, januar 2004, ISSN 1501-0678
- Aquaservice AS, budsjett 2200 kW anlegg, 15.04.1999
- Supplering av Verneplan for vassdrag, Høringsdokument, september 2002, NVE / Direktoratet for naturforvaltning

### Kunngjøring og høringsuttalelser

Søknaden har vært kunngjort i pressen og lagt ut til offentlig ettersyn i Sykkylven kommune. Videre er søknaden sendt på høring til kommunen, fylket, berørte statlige forvaltningsorganer og regionale interesseorganisasjoner. NVE har befart området 20.06.2005 sammen med representanter fra Brunstad Kraft, Sykkylven kommune og grunneiere.

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

**Sykkylven kommune** v/teknisk etat har gitt uttalelse i brev datert 07.04.2005. Fra uttalelsen refereres:

*"Kommunen har pr. 7.4.05 motteke kopi av to merknadar, begge adressert til NVE:*

- *Statens Vegvesen, som ikkje har merknadar til tiltaket.*
- *Fagråd for fisk, som peikar på at tørrlegging av Vallaseterelva vil ha negative konsekvensar for fisk i vassdraget.*

*Når det gjeld andre tilhøve til natur- og friluftsliv, ser vi ikkje at tiltaket kjem i nemnande konflikt med registrerte viktige verdiar i kommunen, jfr. vår eiga kartlegging av biologisk mangfald og tidlegare registreringar av viktige natur- og friluftsområde, og søkjar si kartlegging utført av Albicilla v/Alv Ottar Folkestad.*

*Lokaliteten ligg i eit mykje nytta turområde, men er slikt lagt i terrenget, og utnyttar eksisterande vegtrase slik at den i liten grad vil ha negativ effekt for friluftslivet.*

*Jfr. kommuneplanen ligg omsøkte anlegg i LNF-område. Inntaket ligg i LNF-sone 3, medan kraftstasjon kjem i LNF- sone 1.*

*Innanfor sone 3 er det visse restriksjonar på hyttebygging. Innanfor sone 1 skal ikkje bygge og anleggstiltak som ikkje har direkte samanheng med landbruksverksemd tillatast.*

*Jfr. konsesjonssøknaden ser vi ikkje at tiltaket kjem i konflikt med føringane i kommuneplanen".*

**Møre og Romsdal fylke** (fylkeskommunen og fylkesmannen) uttaler i brev datert 15.03.2005:

*"...Saka har vore lagt fram for Møre og Romsdal fylke sine fagavdelingar. Vi har ikkje merknader med omsyn til kulturminne, landbruk og samfunnstryggleik.*

*Med omsyn til natur- og miljøvern har vi følgjande merknader:*

*Etter vårt ynskje 25.06.2004 om gransking av det biologiske mangfaldet, ligg det no føre miljøfaglig registrering og vurdering av dette. Vurderingane er basert på registreringar 18. september 2004. Feltarbeidet vart gjennomført ved å gå i og langs elvefarete frå planlagt*

kraftverk til inntaksdam og ved å ga langs traseen for røyrgata. Sluttvurderingane er i tillegg basert på observasjonar frå tidlegare år.

Konklusjonen av dei miljøfaglege granskningane seier at anleggsområdet representerar svært ordinære kvalitetar med omsyn til biologisk mangfald. Vidare les vi "at det ikkje er rimeleg å tru at ei eventuell utbygging vil få markert, negativ verknad for raudlisteartar eller biologisk mangfald. Ut frå dette synes det heller ikkje å vere behov for å stille spesielle vilkår ut over dei generelle ved ei kraftverksutbygging som skissert i Vallasæterelva,"

I forlenginga av dette les vi i konsesjonssøknaden at "behovet for slepping av minstevassføring i den aktuelle parsellen av Vallasæterelva synest dessutan å vere minimalt, fordi denne elvestrekninga har liten betydning for landskapet og at det er ingen fiskeinteresser av betydning og minstevassføring vil ikkje ha vesentleg betydning for det biologiske mangfaldet."

#### Vår vurdering

Vi kan ikkje skrive under på ovannemnte vurderingar og synspunkt. Så langt vi kan sjå er tilhøva i elveøkosystemet ikkje granska. Likevel vert dei biologiske kvalitetane i Vallasæterelva underkjent. Ei slik tilnærming tek ikkje omsyn til føre-vår prinsippet.

Vi ser av dokumenta at vassføringa på den utbygde strekninga i lange periodar blir lik null. Minstevassføring er ikkje trekt fram som eit avbøtande tiltak.

#### Vår konklusjon

Sjølv om det ikkje er dokumentert særskilte artskvaliteter i den aktuelle berørte elvestrekning vil vi at ein tek omsyn til ei føre-vår haldning. I dette tilfelle vil det vere at eit framtidig Brunstad kraftverk sikrar ei økologisk driftsvassføring i Vallasæterelva i form av minstevassføring.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader."

Istad Nett AS som er ansvarlig for kraftsystemplanleggingen i området, har gitt følgende uttalelse i brev datert 21.03.2005:

"... Kraftverket er planlagt knyttet til det lokale 22 kV nettet til Sykkylven Energi via en 600 meter 22 kV jordkabel. Det elektriske høyspentanlegget skal drives av Sykkylven Energi etter nærmere avtale. Daglig leder Runar Tandstad i Sykkylven Energi har bekreftet pr. telefon at det har vært kontakt med Brunstad Kraft vedr. dette. Sykkylven Energi er positiv til å inngå en avtale med Brunstad Kraft om drift av høyspentanlegget knyttet til det omsøkte kraftverket.

Møre og Romsdal vil i de kommende årene få en økt ubalanse mellom forbruk og produksjon. Ny produksjon i området vil være positiv. Det vises for øvrig til gjeldende kraftsystemutredning for Møre og Romsdal datert april 2004. Det omsøkte Brunstad kraftverk vil bli beskrevet i ny ajourført kraftsystemutredning for Møre og Romsdal datert april 2005.

Vi har ingen innvendinger til at Brunstad Kraft gis konsesjon i henhold til omsøkte kraftverk..."

Staten vegvesen, Region midt har gitt sin uttalelse i brev av 21.02.2005:

"...Statens vegvesen kan ikkje sjå at interesser knytt til riks- eller fylkesvegen blir omfatta, og vi har derfor ikkje merknader til søknaden..."

Fagrådet for fisk i Sykkylven kommune har sendt uttalelse i brev og epost datert 04.04.2005. Kopi av skriv frå Fetvassdraget grunneigarlag var vedlagt uttalelsen. Det refereres følgende fra uttalelsen:

"I samband med konsesjonssøknaden vart det utarbeidd ein rapport om biologisk mangfald etter pålegg frå Møre & Romsdal fylke. Rapporten er etter vår vurdering mangelfull.

*I konklusjonen står det (sitat): "Hovudvassdraget (Fetvassdraget) er rekna som eit godt fiskevassdrag, men etter dei opplysningane som ligg føre, synest ikkje Brunstadelva med sideelvar å vere nokon viktig del av vassdraget i denne samanheng." (sitat slutt). Kva opplysningar er det ein byggjer på her?*

*Rapporten er grundig og detaljert på alle felt utanom det biologiske mangfaldet i sjølve dei berørte elvestrekningane. Der er såleis ingen dokumentasjon som omhandlar levevilkåra for yngel og vaksen fisk, verken før eller etter ei utbygging.*

*I punkt 3.5 (Fisk og ferskvassbiologi) frå Brunstad kraft blir det også vist til tidlegare undersøkingar som viser at: (sitat): "elvebotnen er næringsfattig på grunn av temperaturtilhøva og ikkje aktuell som gytestad for fisk. Det oppstår såleis ingen nemnande konsekvensar for fisk og ferskvassbiologi.." (sitat slutt).*

*I skriv datert 17.03.05 frå Fetvassdraget elveeigarlag går det fram at elveeigarlaget årleg set ut mellom 10 – 20000 laksyngel i Vallasetrelva og den aktuelle delen av Brunstadelva, og at desse er viktige oppvekstplassar for yngel (sjå vedlegg). Når Vallasetrelva nedanfor inntaket på det næraste blir turrlagd, er det all grunn til å tru at vidare utsetjing av yngel i den sideelva er bortkasta. Den årlege utsetjinga i det mindre elveløpet framfor Storebrua i Brunstadelva vil også bli eit svært usikkert tiltak når vassmengda der blir sterkt redusert (ca 40%) pga turrlagging av Vallasetrelva.*

*Etter Fagråd for fisk si vurdering vil difor ei utbygging ha merkbare negative følgjer for laksestammen og kultiveringsarbeidet i vassdraget. Vi vil påpeike at der ikkje ligg føre planar for korleis dette eventuelt kan kompensast, og om det er muleg å gjere dette."*

**Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har sendt uttalelse i brev datert 07.04.2005:**

### ***"1. Samla vurdering av vassdrag i kommunen***

*Naturvernforbundet i Møre og Romsdal viser til søknad om konsesjon for bygging av Brunstad kraftverk i Sykkylven kommune. Naturvernforbundet har tidlegare bede kommunane om å "grovsortere" vassdrag i "raudt, gult og grønt" som ein slags lokal samla plan for å kanalisere bygging av mindre kraftverk til dei vassdraga der dei gjer minst skade, og slik at viktige småvassdragsverdiar blir tatt vare på utan utbygging. Sorteringa vil og vere til stor hjelp for vurdering av litt større kranverk også.*

*Etter det Naturvernforbundet kjenner til, har Sykkylven kommune ikkje gjort noko overordna vurdering av vassdraga sine på denne måten. Det at ei slik vurdering manglar, gjer at Naturvernforbundet er kritiske til å handsame søknaden om utbygging av Brunstad kraftverk no. Det er vanskeleg å vite at ein har att fleire vassdrag i kommunen som representerer dei aktuelle verdiane når ein ikkje har gjort ein slik gjennomgang.*

### ***2. Minstevassføring***

*Det er lagt opp til ein tilnærma turrlagd strekning frå inntaksdammen i Vallesæterelva til samløpet med Brunstadelva. Naturvernforbundet er generelt skeptiske til slik turrlagging. Ut frå det som er framlagt kan det vere at redusert vassføring i dette høvet har mindre skadeleg effekt enn det som elles er normalt, men bortfall av vassføring er under alle omstende så dramatisk at Naturvernforbundet vil reservere seg mot det. Sjølv om det kan vere forsvarleg å fastsetje ei minstevassføring ein del lågare enn lågvassføringa, ber vi likevel om at det blir fastsett ei viss minstevassføring.*

### 3. Vegbygging

Vegbygging, sjølv for korte strekningar kan representere store inngrep. Det er viktig at vegføringa blir godt tilpassa terrenget. Vidare at masser med stadeigen vegetasjon blir tatt vare på og brukt til å reparere dei sår som vil oppstå.

### 4. Røyrkata

Røyrkata vil og vere eit stort inngrep. Det er viktig at inngrepet ikkje blir større enn naudsynt, og at masser med stadeigen vegetasjon blir tatt vare på og brukt til å reparere dei sår som vil oppstå. Ved å legge røyrkata i vegtraseen i så stor grad som mogleg, har søkjar lagt opp til at denne sida av inngrepet skal bli så lite som mogleg.

### 5. Avbøtande tiltak

Minstevassføring er eit verkemiddel. Vi ber om at det blir sett i gang overvaking av fossekallen med tanke på at denne skal ha vilkår for fortsatt hekking.

### 6. Konklusjon

Det kan vere mykje som taler for at omsøkte tiltak er mellom dei kraftverka som har minst skadeverknader. Ein føresetnad for ei slik vurdering er at det er eit visst tal vassdrag att i kommunen med ordinær/triviell biologi. Sidan eit slikt samla oversyn ikkje finst, kan det for vår del vere at dette er siste vassdraget i kommunen (eller regionen) som ikkje er utbygd, og i så fall ville slike ordinære verdier vere så sjeldne at dei må vernast godt om. Difor er eit visst oversyn heilt nødvendig for å ta ei avgjerd i slike saker, elles er ikkje saka tilstrekkeleg opplyst for å gjere vedtak etter dei krav forvaltningslova set. Eit slikt grunnlag for vedtak kan ikkje hemmeleghaldast utan heimel. Naturvernforbundet krev difor at slike opplysningar må kome fram i søknaden."

**Sigbjørn Brunstad** har sendt følgende uttalelse i brev datert 04.04.2005:

"I forbindelse med den innsende konsesjonssøknaden vil eg som eigar av bruk nr 2 og 22 med samla skyld på 4,49 (av total 38,13 ) kome med fråsegn til søknaden.

Eg har ikkje underteikna grunneigaravtalen om å stille fallretten og nødvendig grunn til disposisjon, eg står derfor heller ikkje bak den innsende konsesjonssøknaden. Det er ikkje opplyst i konsesjonssøknaden at grunneigaravtalen ikkje er i orden, og det tener neppe saka.

Eg reagerer også på at søknaden i si heilheit ikkje vert sendt ut til oss som grunneigarar i ei så stor og omfattande sak som dette anten ein er for eller imot prosjektet.

#### **\*Kraftstasjonsområde**

Kraftstasjon er tenkt plassert på felles sommerfjøsomt på 23,5 x 25m (0.575 d.a.). Arealbehov er i følge planen oppgitt å vere 0.7 d.a.

Vegen som går tvers over tomta og deler den i to er sjølv inngangsporten til turisthytta på Vellesæter og vidare (Gulmordalen og Patchellhytta og elles mange andre ettertrakta mål for tur og friluftsfolk. Å bygge kraftstasjonen på denne tomta vil vere feil, hensynet til å bruke denne tomta ser ut til å vera overordna den miljømessige sida. Her bør ein finne alternativ tomt.

#### **\* Inntak**

Inntaksdammen er i følge plandokument plassert på kote 300 på kartet. Dette område har felles beiterett og jaktrett og teigdeli skoggrunn. Det går fram av kartet at min skogteig går ned til

inntakسدammen, men ettersom eg ikkje har blitt kontakta om dette går eg ut i frå at eit fullt basseng ikkje kjem over på min teig. Eg godtek ikkje ei forringing av denne teigen.

#### **\*Endra vassføring**

Ei utbygging etter dei planane som no ligg føre, vil få konsekvenser for Vellesæterelva i det ei strekning på 900 meter i perioder kan bli tørrlagt og derfor øydelagd som oppvekstområde for yngel. Lite transport av lausmasse og jamnare vassføring enn Brunstadelva har, er fordelane til Vellesæterelva sin nederste del. Frå Mørkja der Brunstadelva og Vellesæterelva renn saman og ned til kraftstasjon, ei strekning på 700 meter, vil vassføringa bli betrakteleg redusert som ein konsekvens av ei slik utbygging som er planlagt.

Elveeigarlaget har gjennom fleire år sett ut yngel i denne elvestrekninga, også i Vellesæterelva. I følge vedtatt driftsplan for Fetvassdraget skal det settast ut 5000 yngel årleg på grunn av dårlege gyteforhold. Skal slike tiltak ha noko for seg, må ein utbygger bli pålagt ei minstevassføring i Vellesæterelva.

Der går og ei turløype mellom Brunstadsæter og Vellesæter som krysser elva (trebro).

#### **\*Kraftliner**

Høgspenbledningen frå generator til områdekonsesjonæren si høgspenline vil bli lagt i jordkabel, om lag 400 meter av denne er tenkt lagt over min eigedom - mellom hus og driftsbygning. Etter som del er usemje om evt. skadeverknader av slike ledninger kan eg ikkje utan vidare godta den innteikna trasé.

#### **\*Samandrag**

Som nemnd innleiingsvis så er eg grunneigar, men eg står ikkje som konsesjonssøkjare då eg ikkje har underteikna grunneigaravtalen. Dei punkt som eg har anmerka ovanfor, samt andre vurderingar, gjer at eg heller ikkje har vurdert å gå inn som medeigar i prosjektet.

Det bør også anmerkast litt angående den vedlagte rapport om miljøfaglege registreringar i utbyggingsområdet utarbeidd v/ A. O. Folkestad. Rapporten gjev ei grundig vurdering av biologisk mangfald i området, men etter mi meining får det som skal leve -i- vatnet ei heller stemoderleg behandling i rapporten. Side 9 i rapporten ser ut til å tilhøyre eit anna kraftverk (Skjåstad).

Konsesjonssøkjaren skriv om samfunnsmessige fordeler med prosjektet. Utover sysselsetting for entreprenør i byggefasen vil det ikkje vere behov for fast tilsette i følge søknaden, det vil nok og vere litt naivt å tru at eit slikt prosjekt vil påvirke busetnaden i nevneverdig grad."

**Brunstad Krafts kommentarer til uttalelsene i brev datert 01.06.2005 er gjengitt i utdrag nedenfor:**

#### **"A) Til uttale frå b.nr. 2 og 22, Sigbjørn Brunstad.**

...1) Når det gjeld råderett over fallrettane i Vallasæterelva er det avklara at desse ikkje er utskifte, men ligg i fellesskap mellom bruka på Brunstad. Det er såleis "Sameigelova" som gjeld, og fleirtalsvedtak. Korleis det heng saman at grunneigaravtalen ikkje er i orden, er elles forklart ovanfor. Det verkar rart at han etterlyser kopi av konsesjonssøknaden. Dei som har kome til kraftverknemnda med ønske om å få ein slik kopi (xx sider), har fått. Jfr. også sitat ovanfor i orienteringsbrev til grunneigarane.

Kraftverknemnda drøfta også grundig om grunneigaravtalen med underskrifter skulle leggst ved konsesjonssøknaden. Hovudårsaka til at det ikkje vart gjort, var faktisk omsynet til dei to

som ikkje hadde underteikna. Sidan konsesjonsbehandling er ein open prosess med offentleg ettersyn, kunne det skape ein uønska situasjon for dei to omtalte.

2) Arealbehov for sjølve kraftverkbygninga går greitt fram av konsesjonssøknaden si vedlagde bilde-skisse. Det vil dreie seg om rundt 60-70 kvm. Det skulle såleis late seg gjere å finne ein god plass på den 587 kvm store felles-tomta. Når 0,7 daa er oppgitt i søknaden, har det med anleggsperioden å gjere. Vi trur også at dette vil bli eit miljømessig fint bygg som skal gå godt inn i terrenget.

3) Sameiget av grunneigarar på Brunstad har full fokus på at ingen skal lide tap eller skade som følgje av utbygginga. Det er også med i teksten i grunneigaravtalen. Om det skulle verte slik at noko av b.nr. 2 sin skogteig går tapt ved inntaksområdet, vil det sjølvstakt bli ytt full erstatning. I kompensierende retning må det vel nemmast at opparbeidd veg bort til inntaksdammen no vil gjere nedste delen av skogteigen tilgjengeleg for drift.

4) Det er rett, som Sigbjørn Brunstad påpeikar, at Vallasæterelva er noko mindre å rekne som flaumelv enn Brunstadelva. Men mykje tyder på at vassstemperaturen i Vallasæterelva er endå lågare enn i Brunstadelva, noko som framleis gjer den lite eigna som kultiveringselv. (jfr. vedlagde Driftsplan Fetvassdraget.pdf, vedlegg 5)

Sigbjørn Brunstad har sjølv vore med og utarbeidd Fetvassdragets Grunneigarlag sin eigen driftsplan. I denne planen er Vallasæterelva ikkje nemnt med eitt ord(!). Når det i driftsplanen ein stad er snakk om 5000 yngel, er det Brunstadelva og Brunstaddalen som nemnast.

Ut frå Sigbjørn Brunstad sin uttale, kan det sjå ut til at desse 5000 lakseyngel i driftsplanen er tiltenkt Vallasæterelva.

Sidan dette av fleire er gjort til eit hovudankpunkt mot kraftverkplanane, syner vi til vidare omtale av dette under uttalen til "Rådet for Fisk" i Sykkylven.

5) Turløypa som kryssar Vallasæterelva blir ikkje øydelagd eller nemneverdig forringa som følgje av utbygging

6) Det er ei velkjend sak at høgspenlinjer i lufta over bustadområde er omstridd og lite ønskjeleg. Men vi veit også at folk som er busette i slike soner nettopp vil ha slike kablar djupt ned i jorda. Det er dette alternativet som er aktuelt på Brunstad. Det finst også fleire ulike løysingar og trasèar, og det er naturleg at grunneigaren får eit vesentleg ord med i laget ved val av løysing. (syner igjen til Vedlegg 3.doc)

7) Fleire av dei som har sendt inn uttale peikar på at miljøfagleg rapport er mangelfull n.d.gj. livet i elva. Dette har ikkje konsesjonssøklar hatt nokon innverknad på. Den naturfaglege konsulentten fekk ingen avgrensingar då han fekk oppdraget. Den einaste er forskriftene til slike rapportar, som m.a. seier at dei ikkje skal koste meir enn 20.000 kr.

Når det er sagt, har vi i konsesjonssøknaden synt til Fetvassdragets Grunneigarlag sin eigen driftsplan (1999). Driftsplanen bør vel i denne samanhengen tilleggast stor vekt, då den etter vårt skjønn fyller ut det som ikkje kjem tilstrekkeleg fram i miljørapporten. Sidan driftsplanen blir nemnt av fleire, legg vi ved tekstdelen av denne komplett. (Driftsplan Fetvassdraget.pdf)

8) Når det gjeld økonomiske og busetnadsmessige konsekvensar, er nok fleirtalet av grunneigarane på Brunstad av ei anna oppfatning enn Sigbjørn Brunstad. Av innkomne positive faktorar, var nettopp utsiktene til auka inntekter og næringsgrunnlag eit vesentleg tilskot til ønsket om å bu og satse på Brunstad for komande generasjon.

**B) Til uttale frå Fagrådet for Fisk i Sykkylven**

...1) Opplysningane vi byggjer på, er Fetvassdragets Grunneigarlag sin driftsplan. Vi syner særleg til side 10, om Brunstadelva: "det vert årleg sett ut yngel i elva, som har 4-5 års oppveksttid, men det ser ikkje ut til at det har lukkast å etablere ei ny stamme, sjølv om det i nedre del vert teke nokre fiskar årleg." --- "for å byggje opp ei ny laksestamme her, er sannsynlegvis einaste utvegen å setje ut yngel frå ei elv med same temperatur, noko som med dagens lakselov diverre er vanskeleg.". Sjå også side 19.

2) Om vedlagd rapport biologisk mangfald: Sjå vår kommentar, nummerert til pkt. 7 under Sigbjørn Brunstad

3) Fagrådet for fisk oppfattar konsesjonssøknaden si beskriving av gyteforhold o.l. og opplysningane innhenta frå "Fetvassdraget" som motstridande. Det får vi ta til vitande. Det er "Fetvassdraget" sin eigen driftsplan vi siterer og bygger på.

4) Talet på utsette yngel er etter vårt skjøn teke ut av lufta. Det som er korrigert siste vekene frå "Fetvassdraget", er at det i 2003 og 2004 ikkje er sett ut yngel i Vallasæterelva. Kva som faktisk er sett ut åra før, får vi ikkje fatt i. Vi reagerer på det som blir hevda, at ein så stor del av den totale yngelen (rundt 100.000) skal setjast ut i ei elv som ikkje er omtala i driftsplanen. Tidlegar har vi sitert: "Det er difor begrensa kor mykje yngel som kan utsetjast, og årleg mengd er difor berre 5000. Denne utsetjinga bør halde fram." Her er det Brunstadelva totalt sett det handlar om, iflg. driftsplanen. Vallasæterelva er ikkje nemnt. Men med godvilje kan det tolkast slik at Vallasæterelva er ein del av Brunstadelva. Talet på yngel som då iflg. driftsplanen konkret skal setjast ut i Vallasæterelva, kan då bli ein stad mellom null og 1000. Slik vi les driftsplanen, er ikkje Vallasæterelva med i det heile.

Vi registrerer at "Fetvassdraget" no har funne det nødvendig å legge fram eit nytt brev. Vi legg det ved her, som Vedlegg 7.pdf) Vi registrerer at einaste kjelda til opplysningar om yngelutsetting, er Kaspar Fet. Han er ikkje grunneigar, men har i ei årrekke stelt med "Fetvassdraget" sitt yngelklekkeri. Han er elles svigerfar til Sigbjørn Brunstad si dotter.

5) Som nemnt før, har opplysningane om Vallasæterelva som kultiveringselv kome heilt uventa på Brunstad sine grunneigarar. Vi meiner at det som er skrive ovanfor tilbakeviser desse påstandane. Likevel har vi ikkje noko imot at der kan gjerast "avbøtande tiltak" t.d. i form av sikring av tilstrekkeleg innløp av vatn rundt elveholmar framanfor "Storbrua". Dette kan gjerast med svært enkle middel, og gjerne gjentakast om nye flaumar skulle endre elva sine løp. Pålegg om minstevassføring vil derimot etter vårt skjøn vere eit overdrive drastisk grep utan påviseleg gevinst. Til slutt nemner vi at utslepp av vatn frå turbinen vil vere med å auke temperaturen i elva nedstraums kraftverket. Dette kan beintfram verke positivt på livet i elva.

**C) Til uttale frå Møre og Romsdal Fylke**

Vi meiner pålegg om minstevassføring kun ut frå ei "føre-var-haldning" ikkje er haldbart. Pålagt minstevassføring må gje ein påviseleg miljøeffekt. Som før nemnt, meiner vi Fetvassdragets Grunneigarlag sin driftsplan gjev ein forsvarleg dokumentasjon på elva sin manglande verdi i fiske-samanheng.

**D) Frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal**

Vi sluttar oss til det meste av det som nemnast i uttalen. Når det gjeld førehands "grovsortering" av vassdrag, har ikkje søkjar nokon mogleg påverknad. Vi syner elles til

uttalen frå Sykkylven Kommune. Naturvernforbundet ønskjer seg også ei minstevassføring ut frå ei generell haldning. Vi syner til vår kommentar til M&R fylke.

### E)Frå Istad Kraft

Vi er fullt klar over den spesielle situasjonen fylket vårt står i når det gjeld forsyningstryggleik for elektrisk kraft. Det er aukande underskot på kraft samtidig med dårleg linjekapasitet inn og ut av fylket. Det er mogleg vi kan vere farleg nær ein kritisk situasjon ein vakker vinterdag. Vi har såleis ei god kjensle med å vere med å bidra til å avhjelpe denne mankoen ein liten prosent. Vi føler også at vi er ønskt velkomne av det lokale nettselskapet.

### Avslutning:

Vi har miljømessig ei god sak: Vi kan vere med å forsyne marknaden med den reinaste og tryggaste energiforma som for tida er tilgjengeleg. Om kraftverket kjem i gong, kan vi gle oss over kvar ny regnskur, sjølv om vi har meir enn nok frå før. Vi har eit prosjekt som har minimale skadeverknader på den vakre naturen og miljøet i Sykkylven. Vi satsar i tråd med styresmaktene sine føringar om auka utbygging av mindre elvekraftverk. Dette gjeld både i energi-samanheng og som tilleggsnæring for landbruket. Vi har ein plan som vil gje lønsemd og generere både skatteinntekter og utbyte til eigarane. Dette vil igjen gje positive ringverknader i lokalsamfunnet og kulturlandskapet."

Brunstad Kraft har sendt inn en merknad til sine kommentarer til høringsuttalelsene i brev datert 17.06.2005 som siteres nedenfor:

*"I merknaden på side 7 er det påpeika ei svogerskapstilknytning mellom den grunneigaren som til no har gått imot kraftverk og den eine personen som er opplyst å ha gitt den informasjonen om yngelutsetjing som kraftverknemnda har stilt spørsmålsteikn ved.*

*Med denne faktaopplysninga har kraftverknemnda ikkje meint å hevde at den aktuelle grunneigaren, Sigbjørn Brunstad, utilbørleg har søkt å påverke kjelda for yngelutsetjing, Kaspar Fet.*

*Kraftverknemnda ser at denne setninga kan opplevast mistenkeleggjerande. Vi kunne difor ønskje at den ikkje var skriven. I møte den 14. juni, der alle grunneigarane var representert, beklaga nemnda såleis at setninga kan vere eigna til mistyding.*

*Vi vonar at nærverande kan leggjast ved vår merknad av 01.06.2005."*

## **NVEs merknader**

### **Søknaden**

Brunstad Kraft søker om tillatelse etter vannressurslovens § 8 til å bygge Brunstad kraftverk i Sykkylven kommune. Kraftverket planlegges uten reguleringsmagasin, og det vil utnytte en brutto fallhøyde på 180 meter fra inntaket på kote 300 i Vallasæterelva ned til kraftstasjonen på vestsiden av Brunstadelva. Et 1600 meter langt tilløpsrør graves ned i og langs seter-/traktorvegen ned til kraftstasjonen som skal ligge 50 meter ovenfor Storebrua. Det må bygges en adkomstvei på 150 m til inntaket.

Planlagt installasjon i kraftstasjonen er en Pelton-turbin på 2,5 MW med største slukeevne på 1,75 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket får en beregnet midlere årsproduksjonen på 11,6 GWh, og det vil bli tilknyttet eksisterende 22 kV-nett med en 600 meter lang jordkabel.

Alminnelig lavvannføring er beregnet til 147 l/s. Det er ikke foreslått å slippe minstevannføring forbi inntaket.

### **Om søker**

Eierne av jordsameiet med tilhørende vassdrag på gnr. 32 Brunstad i Sykkylven vil etablere et selskap med begrenset ansvar som vil bygge ut og drive kraftverket. Brunstad Kraft er prosjektets arbeidsnavn, og Kraftverksnemnda består av et utvalg av grunneierne i sameiet. Eierfellesskapet råder over alle aktuelle vannrettigheter i Vallasæterelva og Brunstadelva.

### **Eksisterende forhold i vassdraget og utbyggingsområdet**

Brunstadelva og Vallasæterelva løper sammen til ei sideelv av Velledalselva i Fetvassdraget som renner ut i Sykkylvsfjorden ved Straumsgjerdet på Sunnmøre. Fallet mellom mellom Fetvatn og fjorden er tidligere utbygd, og det ligger også et kraftverk i nedre del av hovedvassdraget ved Dravlaus. Øvre Velledalen Vasslag L/L forsyner vel hundre abonnenter fra vannuttaket i Brunstadelva litt nedenfor Morkja. Vannverket blir ikke berørt av tiltaket.

Det har tidligere blitt satt det ut laksengel i Brunstadelva av Fetvassdragets elveeierlag. Brunstadelva er lakseførende i nedre del, men kaldt vann som følge av bretilsig, gir liten næringstilgang og svak vekst av fisken.

Det går støls-/traktorveger langs elveløpene opp til Brunstadsætra og Vallasætra. Morkjabrua over Brunstadelva ble ødelagt av flom 14. august 2003, og den planlegges gjenoppbygd i forbindelse med opprustning og bygging av ny adkomstveg til kraftverksinntaket. Etter flommen i 2003 har NVE utbedret elveløpet nedenfor Storebrua. Det er ellers bygd flere traktorveger i forbindelse med gårdsdrift og skogbruk i området.

Turstien mellom Brunstadsætra og Vallasætra krysser elva på ei trebro. Vallasætra drives som ubetjent turisthytte av Ålesund og Sunnmøre Turistforening. Fjellområdet mellom Hjørundfjorden og Sunnylvsfjorden brukes mye til friluftsliv.

Nedbørfeltet til det planlagte inntaket i Vallasæterelva får tilsig fra dalsidene og det alpine fjellområdet med små breer og et mindre vann, Gullmordalsvannet. Vannføringen i elva preges av krappe regnflommer til alle årstider, men i tørre perioder synker vannføringen raskt. I årene 1947-2002 har midlere årsvannføring variert mellom 0,50 og 1,75 m<sup>3</sup>/s. Årstilsiget er i gjennomsnitt beregnet til 39 mill. m<sup>3</sup> for normalperioden 1961-90, hvilket gir en midlere vannføring på 1,24 m<sup>3</sup>/s. På den planlagte utbyggingsstrekningen øker vannføringen betydelig etter samløpet med Brunstadelva.

### **Forholdet til offentlige planer**

Prosjektet fikk innvilget unntak fra Samlet plan i brev fra NVE datert 10.07.2001. I søknaden er turbinens effekt og slukeevne øket noe, men utbyggingsstrekningen er den samme.

Utbyggingen er planlagt i et område med eksisterende vegar slik at prosjektet ikke reduserer inngrepsfritt areal.

I Sykkylven kommunes arealplan er utbyggingsområdet i et LNF-område.

### **Kraftproduksjon og kostnader**

Kraftproduksjonen i et midlere år er beregnet til 11,6 GWh fordelt på 5,1 GWh vinterkraft og 6,5 GWh sommerkraft. Byggkostnadene er beregnet til 15,0 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 1,30 kr/kWh. NVE har gjennomført en kontroll av søkers beregninger og fått en noe høyere produksjon og

kostnad. NVE har erfaring for at vårt kostnadsoverslag ligger over søkers tall. NVE vurderer prosjektet til å være samfunnsøkonomisk lønnsomt.

### **Tiltakets virkninger fra søknaden**

#### Fordele

- Tiltaket vil gi årlig strømproduksjon på 11,6 GWh.
- Tiltaket vil bidra til å styrke næringsgrunnlaget for tiltakshaverne og å opprettholde lokal bosetning.

#### Ulemper

- Tiltaket innebærer fysiske inngrep i form av bygging av inntak, rørgate, kraftstasjon, atkomstvei og legging av jordkabel.
- Tiltaket vil periodevis medføre sterkt redusert vannføring på utbyggingsstrekningen.

### **Saksbehandling**

Søknaden er behandlet etter reglene i kap. 3 i vannressursloven og gjelder tillatelse etter § 8. NVE har ved kgl.res. av 10. desember 2004 fått delegert myndighet til å gi konsesjon for kraftutbygging med installert effekt inntil 10 MW. Konsesjon kan bare gis hvis fordelene med tiltaket overstiger skadene for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet, jf. § 25.

### **Høring og distriktsbehandling**

Søknaden har vært kunngjort og sendt på høring til kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen, berørte statlige forvaltningsorganer og interesseorganisasjoner. NVE har befart området sammen med representanter fra kommunen, grunneierne og søker 20.06.2005.

Høringsuttalelsene har vært forelagt søker for kommentarer. Nedenfor følger en kort oppsummering av hovedpunktene i uttalelsene.

Sykkylven kommune uttaler at søknaden ikke kommer i konflikt med kommuneplanen og registrerte naturverdier i kommunen. Tiltaket vil i liten grad ha negativ effekt for friluftslivet.

Møre og Romsdal fylke har ikke merknader til søknaden med hensyn til kulturminne, landbruk og samfunnssikkerhet. I forhold til natur- og miljøvern er fylket uenig med søker i at det ikke er behov for minstevannføring selv om det ikke er dokumentert særskilte artskvaliteter i den berørte elvestrekningen. Ut fra en "føre-er-betere"-holdning ønsker fylket at det skal slippes minstevannføring forbi inntaket i Vallasæterelva.

Istad Nett AS uttaler at ny produksjon vil være positivt da Møre og Romsdal i de kommende årene vil få økt ubalanse mellom forbruk og produksjon. Selskapet viser til gjeldende og ny ajourført kraftsystemutredning for fylket datert april 2005, der Brunstad kraftverk vil bli inkludert.

Statens vegvesen, Region midt, har ingen merknader til søknaden.

Fagrådet for fisk i Sykkylven kommune vurderer utbyggingen til å ha negative følger for laksestammen og kultiveringsarbeidet i vassdraget. Det er særlig utsetting av laksyngel i Vallasæterelva som blir skadelidende når elva tidvis blir tørrlagt. Fagrådet savner planer for hvordan dette kan kompenseres og en dokumentasjon av levevilkårene for yngel og voksen fisk før og etter en utbygging.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal mener at utbyggingen har små skadevirkninger, men at det må foreligge en oversikt over naturverdier i gjenværende vassdrag som ikke er utbygd før konsesjon kan gis. Dette fordi saken må være tilstrekkelig opplyst slik at forvaltningslovens krav er oppfylt. Naturvernforbundet ber om at det slippes minstevannføring og at det blir satt i gang overvåking av fossekallen. Videre må masser med stedefen vegetasjon tas vare på og brukes til å reparere terrengskader.

**Sigbjørn Brunstad** står som grunneier ikke bak søknaden fra sameiet. Årsaken er at han er uenig i plassering av kraftstasjonen og at det kan bli skadevirkninger i forbindelse med jordkabel over hans eiendom og forringelse av skogteigen hans hvis det blir oversvømmelse ved inntaket. Videre påpeker han at det ikke er planlagt slipping av minstevannføring der det settes ut laksengel og at undersøkelsen av biologisk mangfold behandler livet i elva stemoderlig.

**Brunstad Kraft** presiserer i sine kommentarer til uttalelsene at fallrettighetene i Vallasæterelva ligger i fellesskap mellom brukene på Brunstad. Det er da sameieloven som gjelder og flertallsvedtak i sameiet som bestemmer utnyttelse av fallrettighetene. Planlegging og gjennomføring av inngrep vil skje sammen med berørte grunneiere som vil få kompensasjon. Ingen grunneier skal lide tap eller skade pga. utbyggingen. *Flertallet av grunneierne ser fram til inntekter fra tiltaket for å sikre næringsgrunnlaget og bosetning for kommende generasjoner.*

Det er Fetvassdragets Grunneierlags driftsplan og sameiets lokalkunnskap som har ligget til grunn for søknadens beskrivelse av ferskvannsbiologiske forhold og kultiveringsarbeid som utsetting av lakseyngel i Brunstadelva. Vallasæterelva er ikke nevnt i planen. Begge elvene er flom- og erosjonsutsatte, og de har lav vanntemperatur pga. bretilsig. Påstander om årvisst utsettelse av yngel i Vallasæterelva tilbakevises av søker som ikke har noe i mot avbøtende tiltak som sikring av vanntilgang rundt elveholmer ved Storebrua over Brunstadelva.

Søker mener at pålegg av minstevannsføring ut fra en føre-var"-holdning ikke er holdbart og at en minstevannføring må gi påviselig miljøeffekt i Vallasæterelva. Det vises til driftsplanen som en forsvarlig dokumentasjon av elvas manglende verdi i fiskesammenheng.

Brunstad Kraft framhever at de har et godt prosjekt som vil gi ny kraftproduksjon i et underskuddsområde. Tiltaket er miljøvennlig med minimale skadevirkninger på naturen og i tråd med myndighetenes satsing på økt utbygging av småkraftverk som vil gi lønnsomhet og skatteinntekter.

## NVEs vurdering og konklusjon

### Vurdering etter vannressursloven

Bygging av Brunstad kraftverk vil styrke næringsgrunnlaget til grunneierne som vil utnytte fallrettighetene i sameiet gjennom å etablere selskapet Brunstad Kraft. Tiltaket vil gi ny kraftproduksjon i et underskuddsområde og sikre bosetningen for eierne som ser det utfordrende og inspirerende å bidra til å øke den nasjonale selvforsyningsgraden av ren energi. Ut fra en samfunnsøkonomisk vurdering har NVE ingen innvending mot prosjektet.

### Hydrologi

Avrenningen i Vallasæterelva er svært nedbørpåvirket med hyppige og markerte flomtopper som følge av bratte dal-/fjellsider og lav effektiv sjøprosent i nedbørfeltet. Selv i svært tørre år er det et visst tilslag om sommeren som følge av bresmelting, myravrenning og avløp fra Gullmordalsvatnet. Utbyggingen vil medføre en betydelig reduksjon av vannføringen på den berørte elvestrekningen ned til samløpet med Brunstadelva. Om lag 62 % av tilslaget vil bli utnyttet i kraftverket, men flomoverløp

vil sikre kortvarig vannføring i elva. Uten slipping av minstevannføring forbi inntaket kan Vallasæterelva blir tørrlagt i til dels lange perioder når tilsiget er innenfor turbinens slukeevne.

Nedenfor samløpet vil virkningen være moderat da vannføringsbidraget fra Brunstaddalen er forholdsvis stort, om lag 60 % av vannføringen før utbyggingen. Avløpsforholdene i Brunstadelva er tilsvarende som i Vallasæterelva. Flomtoppene blir derfor lite påvirket av utbyggingen slik at elveløpet fortsatt vil bli jevnlig spylt for sedimenter.

#### *Biologisk mangfold og ferskvannsbiologi*

Undersøkelsen av biologisk mangfold har ikke påvist rødlistede arter av planter, dyr eller fugler i inngrepsområdet. Innenfor en avstand av en kilometer er det kjent tradisjonelle hekkeplasser for kongeørn og fjellvåk. Utbyggingen forventes ikke å få markerte, negative virkninger for rødlistearter og biologisk mangfold.

Lav vanntemperatur og hyppige flommer med utspyling av sedimenter gir svakt næringsgrunnlag for fisk, særlig laks, i begge elvene. Elveleiene er til dels storsteinet med kulper på lav vassføring som gir oppholdssteder for småfalle bekkeørret som fiskes i begrenset antall. Periodevis tørlegging av Vallasæterelva nedstrøms inntaket og redusert vannføring i Brunstadelva nedstrøms samløpet vil få noe negativ betydning på livsmiljøet i og langs elvene, særlig om det blir satt ut lakseyngel for å bedre fisket i sidevassdraget. Fossekallen har muligheter for matsøk og hekking oppstrøms og nedstrøms den berørte elvestrekningen. Uten slipping av minstevannføring kan levestandardene for vanntilknyttede arter bli forverret, særlig i og langs Vallasæterelva.

#### *Kulturminner, landskap og friluftsliv*

Bygging av dam, rørgate, kraftstasjon og atkomstveger samt legging av jordkabel vurderes av NVE til å være moderate inngrep i landskapet langs elva som ellers er preget av gårds- og skogsdrift. Tiltaket vil ikke medføre bygging av reguleringsmagasin. Ingen fredede kulturminner vil, så langt NVE kan vurdere, bli berørt, men søker opplyser at det vil bli tatt hensyn til bevaring av murrester etter Klungerstova, steingarder og andre, eldre minneverdige objekter.

Bygging av atkomstveg til inntaket medfører erosjonsutsatte skråninger. Dersom disse tildekkes med ivaretatt markdekke og tilsås umiddelbart etterpå, reduseres risikoen for erosjon i forbindelse med kraftige regnskyll. Atkomstvegen vil lette forholdene for skogsdrift på den nederste teigen ved inntaket.

Ved å utforme og tilpasse inntaket til elveløpet kan dette bli et moderat inngrep. Søker har foreslått å forblende betongterskelen over elveløpet med naturstein for å oppnå dette. Inntaket med utgravd basseng blir ikke synlig fra stølsvegen slik at opplevelsen av landskapet ikke blir forringet for fjellvandrerne og friluftslivet. Endelig plassering av inntaket må bestemmes under detaljplanleggingen.

Rørgatetraseen og kraftstasjonen blir synlig fra stølsvegen som går gjennom utbyggingsområdet opp til Vallasætra som er en viktig innfallspori til fjellområdet mellom Hjørundfjorden og Sunnylvsfjorden. Revegetering av rørgatetraseen med ivaretatte masser vil gi området et naturlig preg etter anleggsperioden.

Ved å utforme kraftstasjonen etter lokal byggeskikk slik at den faller naturlig inn i terrenget, vil inngrepet ikke føre til særlig ulempe for forbi passerende. Videre er det viktig at bygningen og utløpet støydempes for å gi et akseptabelt lydnivå til omgivelsene. Hensatt, gamle bilvrak på stedet må fjernes.

For adkomst til kraftstasjonen vurderer NVE traseen med opprusting av dagens traktorvei over innmark å være mer fordelaktig enn traseen på forbygningen langs elva. Der har gjenveksten av trær og annen vegetasjon gitt en naturlig kantvegetasjon som bør bevares.

#### *Avbøtende tiltak*

Søker har ikke foreslått å slippe minstevannføring forbi inntaket til kraftverket da behovet etter hans mening synes å minimalt for biologisk mangfold, fiskeinteresser og opplevelsen av landskapet. I likhet med flere høringsuttalelser mener NVE at det må slippes minstevannføring for å ivareta livsmiljøet i og langs den berørte strekningen, særlig i Vallasæterelva ned til samløpet med Brunstadelva. Selv om livsmiljøet her synes begrenset, er det ikke spesifikt undersøkt i forbindelse med søknaden.

NVE er av den oppfatning at det må slippes 150 l/s, noe som tilsvarer omtrent alminnelig lavvannføring, i tidsrommet fra 1. mai til 30. september og 80 l/s i perioden fra 1. oktober til 30. april. Dette vil sammen med tilsig fra restfeltet på utbyggingsstrekningen avbøte forringelsen av levestandardene for de vanntilknyttede artene i Vallasæterelva i tørre perioder og særlig dersom det skal settes ut lakseyngel i Brunstadelva. Minstevannføring er også av positiv verdi for opplevelsen av landskapet.

Minstevannføringen vil gi noe redusert kraftproduksjon enn oppgitt i søknaden, men dette vil ikke svekke prosjektets økonomi i avgjørende grad.

#### *Oppsummering*

Den planlagte utbyggingen vil være et bidrag til å styrke grunneiernes næringsgrunnlag og øke produksjonen i et underskuddsområde. Samlet sett vurderer NVE inngrepene med avbøtende tiltak til å være moderate. NVE mener derfor at bygging av kraftverket kan aksepteres.

#### **Konklusjon**

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene og nytten med tiltaket overstiger skaden for allmenne og private interesser som blir berørt slik at kravet i vannressursloven § 25 er tilfredsstillt. Vi gir derfor Brunstad Kraft tillatelse etter § 8 i vannressursloven til å bygge kraftverk i Vallasæterelva og Brunstadelva på de vilkår som følger vedlagt.

#### **Vurdering av søknaden etter energiloven**

Det er også søkt om tillatelse etter energiloven til installasjon av høyspenningsanlegg og en ca. 600 meter lang høyspent jordkabel fram til eksisterende 22 kV linjenett for tilknytning i trafo tilhørende Sykkylven Energi AS. Virkningen av linjetilknytningen inngår i NVEs helhetsvurdering av prosjektet og er ikke avgjørende for konsesjonsspørsmålet. NVE forutsetter at det tas kontakt med det lokale nettselskapet for å inngå avtale om drift og tilknytning av høyspenningsanlegget.

#### **Konklusjon etter energiloven**

NVE finner det ikke nødvendig med egen anleggskonsesjon etter energiloven for høyspenningstilknytning til 22 kV nett og at nødvendige høyspenningsanlegg, inkludert transformering, kan bygges i medhold av nettselskapets områdekonsesjon.

## **Merknader til konsesjonsvilkår etter vannressursloven**

### *Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.*

Detaljerte planer skal forelegges NVEs regionkontor i Førde og godkjennes av NVE før arbeidet settes i gang. Detaljer ved prosjektet som spesiell støydemping og miljøtilpasning av kraftstasjonen, veger, landskapsmessige forhold, etc. vil ligge under denne post. Atkomstvegen til kraftstasjonen må ikke ødelegge den reetablerte kantvegetasjonen med trær langs elveforbygningen av Brunstadelva, men fortrinnsvis følge traseen for traktorvegen over innmarka.

Naturvernforbundet har krevd at atkomstvei blir tilpasset terrenget og at stedegne masser blir brukt til å reparere terrengskader. Dette vil bli ivaretatt i vilkårene og gjennom godkjenning av detaljplanene.

Eventuelle terrengskader på grunn av anleggsarbeidet, må utbedres så langt som praktisk mulig.

### *Post 5: Naturforvaltning*

Standardvilkår for naturforvaltning tas med i konsesjonen selv om det i dag synes lite aktuelt å pålegge ytterligere avbøtende tiltak. Eventuelle pålegg i medhold av dette vilkåret må være relatert til skader forårsaket av tiltaket og stå i rimelig forhold til tiltakets størrelse og virkninger.

### *Post 7: Forurensning, støy mv.*

Ingen av høringsuttalelsene har kommentert forholdene knyttet til forurensningsloven. Det forventes minimalt med utslipp. Møre og Romsdal fylke (fylkesmannen) er forvaltningsmyndighet for eventuell tillatelse etter denne loven.

Ved en eventuell konsesjon må det søkes spesielt til Møre og Romsdal fylke om utslippstillatelse i anleggsperioden. Utbyggingen må skje på en skånsom måte slik at det blir minst mulig tilslamming i vassdraget og naturen for øvrig.

### *Post 8. Ferdsel mv.*

Eventuelle terrengskader på grunn av transport, skal utbedres så raskt som mulig.

### *Post 9. Terskler m.v.*

Dette vilkåret gir hjemmel til å pålegge konsesjonær å etablere terskler eller gjøre andre biotopjusterende tiltak dersom dette skulle vise seg nødvendig.

## Andre merknader

### *Forholdet til plan- og bygningsloven*

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vannressursloven fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven. Dette forutsetter at tiltaket ikke er i strid med kommuneplanens arealdel eller gjeldende reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningsloven må avklares med kommunen før tiltaket kan settes i gang.

### *Privatrettslige forhold*

NVE forutsetter at utbygger avklarer privatrettslige forhold med berørte grunneierne og bruksberettigede gjennom minnelige avtaler.

Vanninntaket til Øvre Velledalen Vasslag L/L synes ikke å bli berørt av utbyggingen. Dersom dette likevel skulle skje, er dette et privatrettslig forhold som må avklares mellom partene.